

# Prop. 98 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet

*Tilråding fra Olje- og energidepartementet 22. mars 2013,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Samandrag

På vegner av rettshavarane i utvinningsløyva 001B, 242 og 028 B har operatøren Det norske oljeselskap ASA overlevert plan for utbygging og drift (PUD) av Ivar Aasen-feltet. Rettshavarane er Det norske oljeselskap ASA (35 prosent), Statoil Petroleum AS (50 prosent) og Bayerngas Norge AS (15 prosent).

Feltet har fått namn etter Ivar Aasen. Han var diktar og språkforskar, men først og fremst mannen som forma nynorsken, basert på folkeleg talemål. 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 er grunnlaget for Språkåret 2013, ei nasjonal feiring av språkleg mangfold.

Ivar Aasen-feltet omfattar utbygging av dei tre funna Ivar Aasen, West Cable og Hanz. Ivar Aasen-feltet ligg i den midtre delen av Nordsjøen i blokk 16/1 og 25/10, om lag 10 kilometer nordvest for Edvard Grieg-feltet og om lag 200 kilometer vest for Stavanger, ved Utsirahøgda. Havdjupna ved feltet er om lag 110 meter. Ivar Aasen-funnet blei påvist i 2008. Det er planlagt å byggje ut feltet med ei botnfast innretning med brønnar, anlegg for delvis prosessering og bustadkvarter. Innretninga skal plasserast over Ivar Aasen-funnet. Ivar Aasen-feltet skal koplast opp til Edvard Grieg-feltet for ferdigprosessering, og eksportløysingane er samordna med dette feltet. Gassen er planlagd eksportert via britisk sokkel. Oljen frå dei to felta skal eksportera i ein ny røyrleidning frå Edvard Grieg-feltet til Grane oljerøyr og vidare til Stureterminalen.


Prosjektet er planlagt gjennomført i to fasar, der fase 1 omfattar utbygginga av funna Ivar Aasen og West Cable og fase 2 omfattar utbygging av Hanz i utvinningsløyve 242. Dei utvinnbare reservane for Ivar Aasen-prosjektet, som beskrive i PUD, er berekna til 18,3 millionar standard kubikkmeter ( $\text{Sm}^3$ ) olje og 5,3 milliardar  $\text{Sm}^3$  gass. Til saman utgjer dette 23,6 millionar  $\text{Sm}^3$  oljeekvivalentar (o.e.), tilsvarande 148 millionar fat o.e. Planlagd produksjonsstart er fjerde kvartal 2016, og venta produksjonsperiode er 15 år.

Ivar Aasen-funnet strekkjer seg inn i utvinningsløyve 457. Det blei stadfesta ved brønnane 16/1-16 og 16/1-16 A i utvinningsløyve 457, som blei avslutta 1.1.2013. Rettshavarane i utvinningsløyva 001 B og 457 har forplikta seg til eit løp fram mot ein endeleg avtale om å samordne ressursane (unitiseringsavtale), som skal vere på plass innan 30.6.2014.

Dei totale investeringane for utbygginga er av operatøren berekna til 24,7 milliardar 2012-kroner. Dei venta årlege driftskostnadene varierer, men vil i gjennomsnitt vere om lag 850 millionar 2012-kroner i driftsfasen.

Den økonomiske analysen til operatøren viser at utbygginga har ein venta noverdi før skatt på 12,6 milliardar 2012-kroner.<sup>1</sup> Balanseprisen for prosjektet før skatt er 65,7 US-dollar per fat o.e.

<sup>1</sup> Berekningane er gjorde med føresetnadene til operatøren med ein oljepris på 90 US-dollar per fat olje, ein gasspris på 1,9 kroner/ $\text{Sm}^3$  gass, ein valutakurs på 6 kroner/US-dollar og ei diskonteringsrente på 7 prosent.



Figur 1.1 Plasseringa av Ivar Aasen-feltet

Kjelde: Oljedirektoratet

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for Ivar Aasen-prosjektet. Konsekvensutgreiinga har ikkje avdekt forhold som tilseier at prosjektet ikkje bør gjennomførast, eller at det bør gjennomførast avbøtande tiltak utover dei som ligg til grunn i utbyggingsplanane. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–10 er reflekterte, mellom anna gjennom departementet si vurdering av konsekvensutgreiinga, og vil bli følgde opp i gjennomføringa av prosjektet.

Kraftbehovet blir dekt frå Edvard Grieg-innretninga. Det går for seg utgreiing om ei samordna kraftløysing frå land for felta Dagny, Ivar Aasen og Edvard Grieg og for Johan Sverdrup-funnet. Foreløpige tal frå operatøren indikerer at kraft frå land kan være lønnsamt, men ein endeleg beslutning om prosjektet vil bli tatt på eit seinare tidspunkt. Edvard Grieg-feltet skal kople seg til ei eventuell felles kraftløysing på Utsirahøgda på det tidspunktet denne er på plass, med mindre departementet av særskilde grunnar bestemmer noko anna. Edvard Grieg-innrettinga vil såleis også forsyne Ivar Aasen-feltet med kraft frå land. Den planlagde oppstarten for ei slik samordna kraft frå land-løysing er 2018.

I tillegg til skatteinntekter frå produksjonen på feltet vil utbygginga og drifta bidra til sysselsetjing nasjonalt og regionalt. Det er sannsynleg at det vil bli nytta forsyningsbase frå Stavanger-området. Helikoptertransport vil truleg skje frå Stavanger lufthamn, Sola. Driftsorganisasjon blir lagd til Trondheim. Det vil bidra til å styrke petroleumsmiljøet i regionen.

Planane for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet er lagde fram for Oljedirektoratet for vurdering. Oljedirektoratet vurderer prosjektet som ressursforvaltingsmessig forsvarleg, samfunnsøkonomisk lønnsamt og robust nok økonomisk og tilrår at utbyggingsplanen blir godkjend med enkelte vilkår.

Planen er lagt fram for Arbeidsdepartementet, som igjen har lagt planen fram for Petroleumstilsynet. Petroleumstilsynet har enkelte merknader slik det går fram av proposisjonsteksta, men ser ikkje behov for at det stilles særskilde vilkår og anbefaler at planen godkjennast. Arbeidsdepartementet har ingen merknader utover dette.

Basert på planane til operatøren og overslag frå Oljedirektoratet verkar utbygginga av Ivar Aasen-feltet som eit samfunnsøkonomisk lønnsamt og robust nok prosjekt som kan gjennomførast samtidig som omsyn til ytre miljø og fiskeriinteresser blir tatt vare på.

## 2 Hovudtrekk i plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet

### 2.1 Innleiing

Departementet fekk 21. desember 2012 ein søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet. Det norske oljeselskap ASA er operatør for utbygginga og overleverte søknaðen på vegner av rettshavarane i utvinningsløyva 001 B, 242 og 028 B.


Rettshavarane som deltek i utbygginga er Det norske oljeselskap ASA (35 prosent), Statoil Petroleum AS (50 prosent) og Bayergas Norge AS (15 prosent). Alle rettshavarane har tiltrådd utbyggingsplanen.

Ivar Aasen-prosjektet omfattar utbygging av dei tre funna Ivar Aasen, West Cable og Hanz. Ivar Aasen-funnet blei påvist i 2008. Feltet ligg i den midtre delen av Nordsjøen i blokk 16/1 og 25/10, om lag 10 kilometer nordvest for Edvard Grieg-feltet og om lag 200 kilometer vest for Stavanger, ved Utsirahøgda. Havdjupna i området er om lag 110 meter. Den planlagde produksjonsstarten er fjerde kvartal 2016, og venta produksjonsperiode er 15 år.

### 2.2 Utbyggingsløysing og produksjon

Den planlagde utbyggingsløysinga er ei botnfast innretning med brønnar, anlegg for delvis prosesering og bustadkvarter. Innretninga skal plasserast over Ivar Aasen-funnet. West Cable vil bli drenert med ein produksjonsbrønn frå Ivar Aasen-innretninga. Den planlagde utbyggingsløysinga for Hanz er ei havbotnramme med fire brønnslissar som blir knytte opp mot Ivar Aasen-innretninga. Boringa av brønnane vil skje med oppjekkbar borerigg.

Eksportrøyrleidningane for olje og gass vil vere felles for Ivar Aasen og Edvard Grieg. Oljen skal eksporterast via ein ny røyrleidning frå Edvard Grieg til Grane oljerør og vidare til Stureterminalen. Gassen skal eksporterast frå Edvard Grieg via ein ny røyrleidning til SAGE-røyrleidningen ved Beryl A på britisk sokkel og vidare til St. Fergus-terminalen i Skottland. Rettshavarane i



Figur 2.1 Kart Ivar Aasen

Kjelde: Oljedirektoratet


Ivar Aasen og Edvard Grieg planlegg å levere inn planar for anlegg og drift av røyrleidningane i juni 2013. Desse blir behandla separat frå plan for utbygging og drift av felta.

Grunnlaget for utbygginga er førekomstane Ivar Aasen, Hanz og West Cable. Utstrekninga av desse vil danne grunnlaget for området som er omfatta av plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-prosjektet.

Ivar Aasen-prosjektet er planlagt gjennomført i to fasar, der fase 1 omfattar utbygginga av funna Ivar Aasen og West Cable og fase 2 omfattar utbygginga av Hanz. Tidspunktet for innfasinga av Hanz vil bli optimalisert.

Ivar Aasen-innretninga er planlagd med 20 brønnslissar, og 13 av dei skal brukast med dagens planar i første fase. Sjølv Ivar Aasen-førekomsten er planlagd med seks oljeprodusentar og seks vassinjektorar, mens West Cable er planlagd drenert med éin oljeprodusent. Hanz er planlagd med to oljeprodusentar og éin vassinjektor. Dei sju ledige slissane kan bli brukte til å bore opp tilleggsressursar frå Ivar Aasen-innretninga. Det er òg fleksibilitet på innretninga til å fase inn tilleggsressursar frå andre moglege førekomstar i området.

Kraftbehovet blir dekt frå Edvard Grieg-innretninga. Det går for seg utgreiing om ei samordna kraftløysing frå land for felta Dagny, Ivar Aasen og Edvard Grieg og for Johan Sverdrup-funnet. Foreløpige tal frå operatøren indikerer at kraft frå land kan være lønnsamt, men ein endeleg beslutning om prosjektet vil bli tatt på eit seinare tidspunkt.



Figur 2.2 Skisse over planlagd utbyggingsløysing

Kjelde: Det norske oljeselskap ASA

Edvard Grieg-feltet skal kople seg til ei eventuell felles kraftløysing på Utsirahøgda på det tidspunktet denne er på plass, med mindre departementet av særskilde grunnar bestemmer noko anna. Edvard Grieg-innretninga vil såleis også forsyne Ivar Aasen-feltet med kraft frå land. Den planlagde oppstarten for ei slik samordna kraft frå land-løy sing er 2018.

Ivar Aasen-prosjektet utgjer utbygging av dei tre funna Ivar Aasen, West Cable og Hanz. Dei utvinnbare reservane for heile Ivar Aasen-prosjektet er berekna til 18,3 millionar Sm<sup>3</sup> olje og 5,3 milliardar Sm<sup>3</sup> gass. Til saman utgjer det 23,6 millionar Sm<sup>3</sup> o.e., tilsvarende 148 millionar fat o.e. Planlagd produksjonsstart er fjerde kvartal 2016, og venta produksjonsperiode er 15 år.


Produksjonskapasiteten for gass er 3,0 millionar Sm<sup>3</sup> per dag og for olje 9000 Sm<sup>3</sup> per dag. Kapasiteten for vassinjeksjon er 28 000 Sm<sup>3</sup> per dag.

### 2.3 Investeringar og lønnsemd

Operatøren har berekna dei totale investeringane for Ivar Aasen-utbygginga til 24,7 milliardar 2012-kroner. Dei venta årlege driftskostnadene varierer, men vil i gjennomsnitt vere om lag 850 millionar 2012-kroner i driftsfasen, eksklusive tariffar.

Den økonomiske analysen til operatøren viser at Ivar Aasen-feltet har ein venta noverdi før skatt på 12,6 milliardar 2012-kroner.<sup>2</sup> Balanseprisen for prosjektet før skatt er 65,7 US-dollar per fat o.e. Operatøren har gjennomført sensitivitetsanalysar for endringar i driftskostnader, investeringar, prisføresetnader og utvinnbare reservar. Noverdien er mest sensitiv overfor endringar i produktprisane og utvinnbare reservar.

<sup>2</sup> Berekingane er gjorde med føresetnaden til operatøren med ein oljepris på 90 US-dollar per fat olje, ein gasspris på 1,9 kroner/Sm<sup>3</sup> gass, ein valutakurs på 6 kroner/US-dollar og ei diskonteringsrente på 7 prosent.



Figur 2.3 Sensitivitetsanalyser

Kjelde: Det norske oljeselskap ASA / OED

## 2.4 Kontraktmessige plikter

Utbygginga av Ivar Aasen-feltet blir gjennomført i ein situasjon med høgt aktivitetsnivå i petroleumssektoren. Det medfører at rettshavarane har behov for å inngå vesentlege kontraktmessige plikter før utbyggingsplanen er godkjend, for å sikre kapasitet hos leverandørindustrien og føresielege kostnader ved prosjektet.

I medhald av petroleumslova § 4-2 femte ledd skal ein ikkje inngå vesentlege kontraktmessige plikter før planen for utbygging og drift er godkjend, med mindre Olje- og energidepartementet samtykkjer i det. Eventuelle vesentlege kontraktmessige plikter som blir inngått før godkjenning av PUD, vil ha kanselleringsklausular. Samtykke til kontraktinngåing vil ikkje påverke myndighetene si behandling av utbyggingsplanane. Utbyggingsplanen vil bli vurdert uavhengig av inngåtte kontraktmessige plikter. Rettshavarane har det fulle ansvaret for økonomisk risiko som inngåing av kontraktar før godkjend PUD inneber, inkludert det at myndighetene kan endre eller la vere å godkjenne PUD.

Olje- og energidepartementet har samtykt i at rettshavarane har inngått kontraktmessige plikter på totalt 7,8 milliardar 2012-kroner for Ivar Aasen-prosjektet. Eksponeringa fram til venta PUD-godkjenning er 1,1 milliardar kroner, inkludert kanselleringskostnader.

## 2.5 Områdevurdering

Utbygginga av Ivar Aasen-feltet vil gjøre det mogleg å utvikle og produsere nye ressursar i området.

Rettshavarane har identifisert fleire prospekt nær West Cable og Hanz. Desse prospekta har avgrensa ressurspotensial og varierande funnssynlegheit. Eit av desse prospekta er West Cable Nord. Avgjerd om eventuell boring av dette prospektet vil basere seg på erfaringane frå utvinning av West Cable. Alle prospekta kan nåast frå Ivar Aasen-innretninga eller frå havbotnramma på Hanz.

Ivar Aasen-innretninga har sju ledige brønnslissar som kan bli brukte til å bore opp tilleggsressursar som er innanfor rekkevidde frå Ivar Aasen-innretninga. Det er òg fleksibilitet på innretninga til å fase inn tilleggsressursar frå andre moglege førekommstar i området.

## 2.6 Disponering av innretningane

Nedstenging og disponering av innretningane og brønnane vil bli utført i samsvar med gjeldande regelverk på det aktuelle tidspunktet.

Ei endeleg løysing for disponering vil bli beskriven i avslutningsplanen, som skal leverast til myndighetene tidlegast fem år, men seinast to år før bruken av innretninga er venta å bli endeleg avvikla. Dei totale disponeringskostnadene for Ivar Aasen-feltet er estimerte til om lag 3,5 milliardar 2012-kroner.

### **3 Konsekvensutgreiing**

#### **3.1 Innleiing**

Konsekvensutgreiinga for Ivar Aasen-prosjektet har vore på offentleg høyring. Forslaget til program for konsekvensutgreiing blei sendt til høyringsinstansane 2. mars 2011. Basert på dette forslaget og kommentarar frå høyringsrunden fastsette Olje- og energidepartementet utgreiingsprogrammet 7. mai 2012. Operatøren utarbeidde deretter ei konsekvensutgreiing som blei send på høyring 21. september 2012 med høyringsfrist 16. november 2012. Ei oppsummering av merknadene til konsekvensutgreiinga med kommentarar frå operatørane ligg ved (jf. vedlegg 1).

Utbygginga er ikkje venta å ha negative konsekvensar av vesentleg grad for naturressursar og miljø. Investeringane i Ivar Aasen-prosjektet og inntektene til rettshavarane, leverandørane og staten vil ha positive verknader for samfunnet. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–10 er reflekterte, mellom anna gjennom departementet si vurdering av konsekvensutgreiinga, og vil bli følgde opp i gjennomføringa av prosjektet.

#### **3.2 Utslepp til luft**

Dei totale utsleppa til luft for Ivar Aasen-feltet i utbyggingsfasen vil ifølgje operatøren vere om lag 91 000 tonn CO<sub>2</sub>, 1370 tonn NO<sub>X</sub> og 94 tonn nmVOC. Utsleppa stammar hovudsakleg frå boring og brønnoperasjonar, marine operasjonar og transportverksemd.

Utsleppa frå Ivar Aasen-feltet er venta å ville medføre årlege gjennomsnittlege utslepp på om lag 119 000 tonn CO<sub>2</sub>, 1100 tonn NO<sub>X</sub> og 293 tonn nmVOC i driftsfasen før feltet får kraft frå land. Det inkluderer kraftgenerering på Edvard Grieg-feltet, transportverksemd, fakling og testing av utstyr. Med ei kraft frå land-løysing på plass vil desse utsleppa bli reduserte til om lag 12 000 tonn CO<sub>2</sub>, 180 tonn NO<sub>X</sub> og 10 tonn nmVOC.

CO<sub>2</sub>-utsleppa vil vere omfatta av kvotesystemet for klimagassar, og det vil bli betalt CO<sub>2</sub>-avgift. NO<sub>X</sub>-avgift vil bli betalt som for andre utslepp frå petroleumssektoren.

Kraftbehovet for Ivar Aasen er estimert til maksimalt 25 MW og vil bli dekt frå Edvard Grieg-innretninga. Edvard Grieg-innretninga vil ha to gassturbinarar som skal forsyne Edvard Grieg og Ivar Aasen med kraft frå produksjonsstart.

Kraft frå land er grundig vurdert for Ivar Aasen-feltet. Vurderinga inkluderer òg felta Edvard Grieg og Dagny. På oppdrag frå Oljedirek-

toratet utarbeidde dei tre operatørane ein rapport for ei samordna kraft frå land-løysing for desse tre moglege utbyggingane. Rapporten blei ferdigstilt i april 2011. I rapporten blei kraft frå land til Edvard Grieg-feltet og Ivar Aasen-feltet berekna til å ha ein tiltakskostnad på i overkant av 1500 kroner per tonn CO<sub>2</sub>. Dersom Dagny-feltet blei inkludert, ville tiltakskostnaden blitt redusert ned mot 700 kroner per tonn CO<sub>2</sub>.

Oljefunnet Johan Sverdrup blei påvist hausten 2010 i utvinningssløyve 501, seinare òg i utvinningssløyve 265. Som følgje av nye avgrensingsbrønnar blei storleiken på Johan Sverdrup-funnet kraftig oppjustert hausten 2011. Det endra premisane for kraft frå land til dette området, og hausten 2011 bad derfor departementet rettshavarane om på nytt å studere sjansane for og konsekvensane av ei samordna kraft frå land-løysing for området. Statoil leier dette arbeidet, der rettshavarane i Johan Sverdrup-funnet og felta Dagny, Edvard Grieg og Ivar Aasen deltek. Dette prosjektet har ein framdriftsplan som inneber konseptval i 2013, investeringsavgjerd i 2014, installasjon til havs i 2017 og idriftsetjing i 2018.

Dersom departementet finn at ei samordna kraft frå land-løysing for den sørlege delen av Utsira-høgda skal realiserast, skal Ivar Aasen-feltet knytast til ei slik løysing, med mindre departementet av særskilde grunnar bestemmer noko anna.

#### **3.3 Utslepp til sjø**

Det vil vere noko utslepp til sjø i samband med boring og ferdigstilling av brønnane på Ivar Aasen-feltet. Berre miljømessig akseptable stoff vil bli sleppte ut, det vil seie kjemikaliar som ligg innanfor den grøne eller gule kategorien til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif). Det vil òg vere noko kjemikalieutslepp til sjø ved klargjering av røyreleidningar og i driftsfasen. Den eksakte kjemikaliebruken vil bli særleg behandla i Klif.

Produsert vatn er formasjonsvatn som følgjer med brønnstraumen frå reservoaret. Strategien som er vald for å handtere produsert vatn frå Ivar Aasen-feltet, er reinsing med best tilgjengeleg teknologi (BAT) og reinjeksjon. Det produserte vatnet vil bli reinsa til eit nivå som gjer at det tilfredsstiller utsleppskrava, dersom injeksjonsutstyret er utilgjengeleg og det produserte vatnet må slepast ut til sjø.

Det er planlagt å nytte ein teknologi for å reinse oljebasert borekaks på boreriggen før utslepp til sjø. Denne teknologien har vore i bruk på britisk sokkel i fleire år, men ikkje på norsk

sokkel enno. Eit program for å vurdere miljøeffekta ved å bruke denne teknologien på Ivar Aasen-feltet er sett i gang. Skulle denne teknologien ikkje tilfredsstille dei gitte miljøkrava, vil ein alternativ metode for å handtere borekaks vere å sende det til land for vidare behandling. Resultata frå programmet vil bli inkluderte i utsleppssøknaden til Klif.

### **3.4 Arealbeslag og fysiske inngrep**

Ifølgje operatøren vil Ivar Aasen-utbygginga skje i eit område med lite fiskeriaktivitet. Kartleggingane som er blitt gjennomførte, har ikkje, seier operatøren, identifisert korallar eller andre sårbare artar på sjølve feltlokasjonen.

Boreinnretningar og leggjefartøy vil utgjere eit mellombels arealbeslag i utbyggingsfasen. I driftsfasen vil det bli etablert ei tryggleikssone på 500 meter ut frå innretninga, men denne er ikkje venta å medføre nemneverdige negative konsekvensar for fiskeriverksemda.

Røyrleidningane og kablane frå Ivar Aasen-feltet vil vere overtrålbare, og dei er derfor ikkje venta å vere til ulempe for fiskeriaktiviteten i området.

### **3.5 Konsekvensar for samfunnet**

Utbygginga vil i tillegg til skatteinntekter til staten føre til aktivitetar i samband med utbygging og produksjon og inntekter og sysselsetjing nasjonalt og regionalt. Av ei berekna investeringsramme på 24,7 milliardar 2012-kroner er norske leveransar i utbyggingsfasen estimerte til å kunne utgjere 50 prosent. I driftsfasen er dei norske leveransane berekna til 93 prosent av dei samla driftskostnadene.

Det er sannsynleg at det vil bli nytta forsyningsbase frå Stavanger-området. Helikoptertransport vil truleg skje frå Stavanger lufthamn, Sola. Driftsorganisasjon blir lagd til Trondheim.

## **4 Myndighetene si vurdering av plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet**

### **4.1 Vurderinga til Arbeidsdepartementet**

Arbeidsdepartementet har lagt fram plan for utbygging, anlegg og drift av Ivar Aasen-feltet for Petroleumstilsynet, som har vurdert planane og komme med følgjande merknader:

Petroleumstilsynet har identifisert to tekniske løysingar som ikkje støttar krava i regelverket.

Petroleumstilsynet vurderer det slik at dei beskrivne tekniske løysingane for elektrisk kraftgenerering og brannvassforsyning ikkje møter krava i regelverket, jf. styringsforskrifta § 5 andre ledd om barrierar, innretningsforskrifta § 47 bokstav h om elektriske anlegg og § 36 andre ledd om brannvassforsyning. Det er teke opp med operatøren og vil bli følgt opp vidare.

Bustadkvarteret er dimensjonert med 70 enkle lugarar – 40 av dei med vendbare senger. Det norske stadfestar at maksimaltalet på personell om bord (POB) er 70. Den valde livbåtløysinga gir ein maks POB på 70 personar. Petroleumstilsynet vurderer det slik at den planlagde utnyttinga av bustadkvarteret med vendbare koyer ikkje kan utnyttast utan ei anna livbåtløysing.

I planane går det fram at det ikkje ligg føre ein avtale med nabolisensen PL 457. Petroleumstilsynet tar etterhald om at det ikkje gjerast endringar i konseptet som følgje av ein framtidig avtale med PL 457.

Arbeidsdepartementet viser til vurderingane til Petroleumstilsynet og har ingen merknader utover det.

### **4.2 Vurderinga til Oljedirektoratet**

Ivar Aasen-prosjektet omfattar funna Ivar Aasen (Ivar Aasen-funnet), West Cable og Hanz. Den innleverte planen for utbygging og drift for Ivar Aasen omfattar berre den delen av Ivar Aasen-funnet som ligg i 001 B, i tillegg til West Cable i utvinningsløyva 001 B og 242 og Hanz i utvinningsløyve 028 B. Men Ivar Aasen-funnet strekkjer seg inn i utvinningsløyve 457 òg.

Det har vore diskusjonar knytte til den austlege utstrekninga av Ivar Aasen-funnet. Brønnane 16/1-16 og 16/1-16 A i utvinningsløyve 457, som blei ferdigstilt 1.1.2013, stadfesta at det var oljeresursar i dette utvinningsløyvet. Rettshavarane i utvinningsløyve 001 B og rettshavarane i 457 har motstridande syn på om desse ressursane er å rekne som éin førekomst. Den faglege vurderinga til Oljedirektoratet er at desse ressursane må reknast som éin førekomst.

Oljedirektoratet legg til grunn for vurderinga av PUD for Ivar Aasen-prosjektet at Ivar Aasen-funnet blir rekna som éin petroleumsførekomst.

### *Geologi og reservoar*

Oljedirektoratet har utført eit eige geologisk arbeid i vurderinga av PUD for Ivar Aasen, med særleg merksemd på å forstå utstrekninga av Ivar Aasen-funnet. Det er gjort ei intern kartlegging basert på beste tilgjengelege seismikk og relevante brønnar i området. Studien inkluderer tolking av Vestlandsgruppen med fokus på inndeling i Sleipner- og Huginformasjonane og utbreiing og avsetjingsmiljø av desse med tanke på reservoarkvalitet.

I Ivar Aasen-funnet er det planlagt seks lange horisontale produksjonsbrønnar i oljesona, med perforering i alle formasjonar. Dei seks produksjonsbrønnane er spreidde ut i eit radialt mønster. Slik Oljedirektoratet vurderer det, gir modelleringa av dei fluviale avsetjingane i Sleipner- og Skagerrakformasjonane i reservoarmodellane ein forenkla og overoptimistisk representasjon av dei interne kommunikasjonsforholda, og produktiviteten i dei planlagde brønnane verkar derfor overvurdert. Oljedirektoratet ser behov for å optimisere brønnmønsteret for utvinningssbrønnane i Sleipner- og Skagerrakformasjonane og foreslår vilkår knytte til det.

Dei seks horisontale produksjonsbrønnane på Ivar Aasen-funnet er plasserte i oljesona, med perforering i alle formasjonar. Brønnplasseringa er styrt av behovet for å unngå gasskoning frå gasskappa. Brønnane 16/1-16 og 16 A påviste olje utan gasskappe i den austlege delen av Ivar Aasen-funnet. For den austlege delen av Ivar Aasen-funnet vil den planlagde brønnplasseringa og utforminga mest truleg vere lite gunstig, og ho vil derfor måtte revurderast. Oljedirektoratet foreslår vilkår knytte til dette.

Operatøren har utført ein omfattande usikkerheitsanalyse av Ivar Aasen-funnet. Oljedirektoratet vurderer usikkerheitsspennet i ressursane mellom P90 og P10 til å vere lite for eit så komplekt reservoar som Ivar Aasen-funnet. Ressursgrunnlaget vil likevel auke som følgje av brønnane 16/1-16 og 16/1-16A i utvinningsløyve 457.

For West Cable og Hanz vurderer Oljedirektoratet det geofaglege og reservoartekniske grunnlaget for utvinninga av dette funnet som tilfredsstillande og har ingen innvendingar mot den planlagde utvinningsstrategien.

Auken i ressursgrunnlaget på Ivar Aasen-funnet som følgje av resultata frå 16/1-16 og 16/1-16 A gjer det sannsynleg at utviklinga av Hanz kan bli skyvd ut i tid.

### *Utbyggingsløsing og produksjon*

Utbyggingskonseptet med tørre brønnhovud, fleksibilitet med omsyn til nye brønnslissar og høve til å soneisolere produksjonsbrønnane vil vere eit godt utgangspunkt for å gjere tiltak for å auke utvinninga for olje ut over forventingsverdien.

Oljedirektoratet vurderer den beskrivne utbyggingsløysinga som tilfredsstillande.

Operatøren har opplyst om at det vil vere mogleg å nå ut til dei austlegaste delane av Ivar Aasen-funnet med brønnar bora frå Ivar Aasen-innretninga. Oljedirektoratet vurderer det likevel slik at det kan vere vanskeleg å oppnå optimal brønnutforming og plassering i det austlegaste området.

Oljedirektoratet har spurta operatøren om konsekvensen av å flytte innretninga mot aust, sett i lys av at ressurstyngdepunktet no er forskyvd austover. Ifølgje operatøren vil flytting av innretninga innebere eitt års utsetjing av utbyggingsprosjektet, sidan undersøkinga av grunnforholda då må gjerast om igjen. Utsetjinga ville ha bidrige til redusert lønnsemnd som følgje av utsett produksjonsoppstart. I tillegg ville det ha bidrige til å skape uvisse med omsyn til prosjektgjennomføringa.

Ressursane i utvinningsløyve 457 vil bidra til auka utnytting av kapasitetane på Ivar Aasen- og Edvard Grieg-innretninga. Ein eventuell auke av oljeprosesseringskapasiteten vil innebere ei utsetjing av utbyggingsprosjektet. Uansett vil produksjonen frå Ivar Aasen vere styrt av dei avtalemessige avgrensingane i avtalen med Edvard Grieg dei første åra.

Rettshavarane har inngått kontraktar for om lag 7,8 milliardar 2012-kroner før PUD-godkjenning. Det kan bidra til å auke tryggleiken i kostnadsestimat og prosjektgjennomføring. Det vil likevel alltid vere uvisse knytt til kostnader og gjennomføring av større utbyggingsprosjekt, ikkje minst i ei tid med svært høgt aktivitetsnivå i petroleumsnæringa. Plassering av kontraktar i utlandet gir utfordringar for operatøren når det gjeld oppfølging i gjennomføringsfasen.

Ivar Aasen er det første store utbyggingsprosjektet for Det norske oljeselskap som operatør. Det vil gi ei ekstra utfordring som operatøren òg er merksam på. Selskapet vil etablere ein prosjektorganisasjon med 110–150 personar med eigne tilsette og innleigde konsulentar. I tillegg til å sikre seg personell med relevant erfaring vil det vere viktig å få etablert rutinar og styringssystem for prosjektorganisasjonen. Oljedirektoratet vurderer det likevel slik at etablering og samkøyring av

ein så stor prosjektstab representerer ei stor utfordring for operatøren, og at det introduserer ekstra risiko i prosjektgjennomføringa. Oljedirektoratet føreset at andre rettshavarar bidreg med utbyggingserfaringane sine.

Oljedirektoratet vurderer den omsøkte måleløysinga for Ivar Aasen som tilfredsstillande.

Ivar Aasen vil få kraft frå Edvard Grieg-innretninga. Sidan kraft frå land ikkje vil vere etablert innan Edvard Grieg er venta å vere i drift, blir Edvard Grieg bygd ut med gassturbinar og generatorar. Edvard Grieg er pålagd å knyte seg til ei kraft frå land-løysing når denne er etablert, med mindre departementet av særskilde grunnar bestemmer noko anna. Ivar Aasen kjem dermed òg til å bli tilkopla kraft frå land. Oljedirektoratet meiner at Ivar Aasen vil ha ei god løysing med omsyn til utslepp til luft. Det er likevel ikkje gjennomført forhandlingar om korleis drifts- og anleggskostnadene skal fordelast. Oljedirektoratet tilrår derfor at det blir knytt eit vilkår om det.

Oljedirektoratet reknar den beskrivne disponeringsløysinga for Ivar Aasen som tilfredsstillande.

#### *Områdevurdering*

Oljedirektoratet har ingen innvendingar til kartlegginga av, ressursoversлага eller funnsannsynlegheitene for prospekta innanfor utvinningsløyva 001 B, 028 B og 242. Den kraftige auken av ressursgrunnlaget i Ivar Aasen-funnel, og det prospektive området aust for funnel, som følgje av resultata frå 16/1-16 og 16 A og prosessavgrensingane som følgjer av avtalen med Edvard Grieg, betyr likevel at ei innfasing av tilleggsressursar innanfor desse utvinningsløyva truleg vil bli utsett.

Oljedirektoratet gjennomførte sommaren 2012 ein områdestudie som omfatta oljepotensialet ved Utsirahøgda Sør utanom Edvard Grieg, 16/1-9 Ivar Aasen og 16/2-6 Johan Sverdrup. Resultata frå studien var primært eit innspel til Gasscos arkitektstudie for oljeeksportløysing for Utsirahøgda Sør hausten 2012.

Oppstart av produksjon frå eventuelle nye funn i utvinningsløyva 001 B, 028 B og 242 blei av Oljedirektoratet estimert til 2020. Det endra ressursbiletet på Ivar Aasen-funnel betyr at desse eventuelle innfasingane til Ivar Aasen truleg blir utsette.

#### *Lønnsemnd*

Lønnsemndsvurderingane til operatørane, og Oljedirektoratet sine eigne lønnsemndsvurderingar, viser at prosjektet er lønnsamt. Sensitivitetsanalyse stadfestar at prosjektøkonomien er robust nok. På bakgrunn av dette meiner Oljedirektoratet at det er samfunnsøkonomisk lønnsamt å bygge ut Ivar Aasen-feltet.

Det blir understreka at Oljedirektoratet i lønnsemdberekningane ikkje har inkludert ressursane som blei påviste med avgrensingsbrønnane 16/1-16 og 16/1-16 A i utvinningsløyve 457. Denne ressursauken bidreg til at Ivar Aasen vil vere meir økonomisk robust enn det lønnsemdberekningane til operatøren og Oljedirektoratet indikerer.

#### *Oljedirektoratet si tilråding*

Oljedirektoratet har vurdert PUD for Ivar Aasen både i eit ressursmessig og eit samfunnsøkonomisk perspektiv og tilrår at PUD for Ivar Aasen blir godkjend med vilkår.

#### **4.3 Vurderinga til Olje- og energidepartementet**

Olje- og energidepartementet viser til at det er vurderinga til Arbeidsdepartementet at den planen som er lagt fram kan utviklast i tråd med krav i regelverket til arbeidsmiljø og sikkerheit.

Olje- og energidepartementet viser vidare til Oljedirektoratet si vurdering av plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet. Oljedirektoratet meiner at utbyggingsløysinga legg opp til ei tilfredsstillande utnytting av ressursane i Ivar Aasen-feltet, og at prosjektet er samfunnsøkonomisk lønnsamt og robust nok.

Olje- og energidepartementet og Oljedirektoratet har hatt dialog med operatør om utbyggingsløysinga for Ivar Aasen-feltet før overlevering av plan for utbygging og drift. Formålet med denne dialogen har vore å sikre at den valde utbyggingsløysinga gir god ressursforvalting og oppfyller krava frå myndighetene.

Det er ikkje venta vesentlege miljøpåverkna der som følgje av utbygginga av feltet. Utgreiingsplikta er varetaken gjennom feltspesifikk konsekvensutgreiing, send på høyring 4. oktober 2012. På denne bakgrunnen meiner Olje- og energidepartementet at konsekvensutgreiingsplikta etter petroleumslova er oppfylt. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-10 er reflekterte, mellom anna gjennom departementet si vurdering av konsekvensut-

greiinga, og vil bli følgde opp i gjennomføringa av prosjektet.

Energibehovet for Ivar Aasen-feltet ved oppstart blir dekt med kraft frå gassturbinar som er installerte på Edvard Grieg-innretninga. I tillegg er Ivar Aasen-innretninga klargjord for å kunne ta imot kraft frå land. Ivar Aasen-feltet inngår i eit prosjekt som Statoil leier, og som studerer ei større samordna kraft frå land-løysing til felta på den sørlege delen av Utsirahøgda. Dette prosjektet har ein framdriftsplan som inneber konseptval i 2013, investeringsavgjerd i 2014, installasjon til havs i 2017 og idriftsetjing i 2018. Olje- og energidepartementet følgjer dette prosjektet tett og legg til grunn at Ivar Aasen, via Edvard Grieg-innretninga, koplar seg til når kraft frå land er tilgjengelig, med mindre departementet av særskilde grunnar bestemmer noko anna. Rettshavarane i Ivar Aasen skal dekkje den forholdsmessige delen sin av investerings- og driftskostnadene ved ei slik løysing. Det er derfor oppgitt vilkår knytte til det.

I tråd med Meld. St. 28 (2010–2011) *En næring for framtida – om petroleumsvirksomheten* skal operatøren seinast to år etter at feltet er sett i produksjon, gjennomføre ein analyse av regionale og lokale ringverknader av utbygginga.

